

**Takk og ros til SPAR frå skulen**

18.08.2008

**Rektor Vidar Haugland opplyser til uskedalen.no at då elevane starta skuleåret torsdag morgon sto det to kassar på kjøkenet, ei med bananar og ei med gulrøtter.**

Begge kassane var oppstartsgåver frå SPAR Uskedalen, slik at alle elevane fekk gratis banan på torsdag og gratis gulrot på fredag.

- Eg har sagt det før og eg seier det igjen: Vi har ein flott matvareforretning i bygda og dei fortener stor takk både for denne merksemda ved skulestart og for mykje anna positivt dei gjer for bygda, seier Haugland.